

MØTEBOK FJORD KONTROLLUTVAL

Møtedato: 08. juni 2020

Møtestad: Rådhuset i Fjord kommune, Valldalen, kl. 10.00

Møtet vart leia av: Jonas Falch

Elles til stades: Gudmund Relling, Solveig Linge Stakkestad og Nina Grøndahl og Tanja Mathiesen.

= 5 voterande

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjend.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Knut Gunnar Alnes og rekneskaprevisor Kathrin Haram.

Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Karl Andre Birkhol, økonomisjef Arne Krohn (via Teams), økonomisjef Elin Amdam og assisterande rådmann Anne Berit Løseth.

Ordførar Eva Hove deltok på møtet.

Sak 12/20 Godkjenning av møtebok frå møte 14.05.2020

Sakspapir frå sekretariatet datert 3. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå 14. mai 2020.

Sak 13/20 Årsmelding 2019 – Norddal kommune.

Sakspapir frå sekretariatet datert 3. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Norddal kommune til vitande.

Sak 14/20 Årsrekneskapen 2019 – Norddal kommune.

Sakspapir frå sekretariatet datert 3. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**Uttale til kommunestyret:**

1. Norddal kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet gjer merksam på at årsrekneskapen 2019 ikkje blei avlagt innan fristen 15. februar 2020, noko som kommunelova krev.

Sak 15/20 Årsmelding 2019 – Stordal kommune

Sakspapir frå sekretariatet datert 3. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Stordal kommune til orientering.

Sak 16/20 Årsrekneskapen 2019 – Stordal kommune

Sakspapir frå sekretariatet datert 3. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**Uttale til kommunestyret:**

1. Stordal kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet gjer merksam på at årsrekneskapen 2019 ikkje blei avlagt innan fristen 15. februar 2020, noko som kommunelova krev.

**Sak 17/20 Orientering om omdisponering av dyrka jord i Fjord
kommune.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 3. juni 2020.

Kontrollutvalet fekk ei orientering frå assisterande rådmann Anne Berit Løseth og fekk høve til å stille spørsmål.

Det var ikkje lagt fram tilråding til vedtak frå sekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar administrasjonen for orienteringa og tek den til vitande. Kontrollutvalet ønskjer å bli oppdatert på temaet ved eit seinare høve.

Møtet var slutt kl. 11.05.

Jonas Falch
Leiar
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad
Nestleiar
(sign.)

Gudmund Relling
Medlem
(sign.)

Nina Grøndahl
Medlem
(sign.)

Tanja Mathiesen
Medlem
(sign.)